

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.06.2015

Kristian Helland og **Dag Rune Mo** gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Hordaland Teater LL. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er tilfreds med at Hordaland Teater no har funne ei formålstenleg løysing for å flytte si verksemd til Bergen sentrum.
2. Ein ber fylkesrådmannen om å kome attende til driftstilskot i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkestinget ber om at høva for ein fylkeskommunal lånegaranti til prosjektet vert utgreia.
4. Hordaland fylkeskommune må følgje opp staten i høve til auka finansiering av Hordaland Teater knytt til ny lokalisering.